

## SPRÅKPRISEN 2017

Dei gode historiene er eit førande prinsipp i bøkene til årets prisvinnar. Dramatiske einskildepisodar frå Det Norske Teatrets omflakkande tilkomst og 100-årige tilvere og skarpe portrett av personar som har trekt i trådane i 50 år med kulturpolitiske dragkampar, er like ugløymande skildra som fellesskapen mellom målpolitiske einstøingar på Labråten. Og no sist, men ikkje minst, ein perspektivrik biografi om ein liten, avvist sjimpanse med bandasjert finger.

Vinnaren syner stor breidde i temaval i bøkene som er komne ut dei siste fem åra, men det går kryssande kulturhistoriske trådar gjennom fleire av dei. Noko er oppdragslitteratur, men det er ikkje råd å sjå skilnad på utgjevingane av den grunn, korkje i den eine eller andre retninga: Prisvinnaren har integritet; saksframstillinga er like engasjert, og i handsaminga av kjeldene får vi alltid eit raust og tiltruvekkande innsyn i kva som ligg bak forfattarens sjølvstendige og tidvis uredde vurderingar. Han utnyttar den journalistiske evna si til å lytte; han har humor, tidvis full av brodd. Og han evnar å variere: Faktatunge historiske lengdesnitt og kakediagram vekslar med scenar og episodar som underbyggjer framstillinga på lesarvennleg og pedagogisk vis.

Vinnaren gjer kulturinstitusjonar, kulturpersonar og kulturikonar levande ved bruk av klår prosa. Gjennom stiltone, varierte og appetittvekkande kapitteloverskrifter og dekkande mellomtitlar demonstrerer forfattaren ei befriande evne til å kombinere ledig og lettlesn nynorskprosa med kreative språkbilete.

Det er kanskje ikkje overraskande at prisvinnaren kunne velje og vrake i dramatik framfor og bak teppet i 100-årssoga for Det Norske Teatret? Men i den innfløyte krøniken om Norsk kulturråd er det forfattarens eigne dramaturgiske evner som hevar teksten. Det som kunne blitt søvndyssande katalog og pliktløp, blei i staden til levande, tidvis humørfylte karakteristikkar og vurderingar av liv og litt røre i denne delen av byråkratiet. Likeins, men på eit litt anna plan, maktar forfattaren å balansere framstillinga av det i si tid heroiske og sprenglærde nynorske eksilmiljøet på Labråten mot uærbødige vitnemål om kor lite livsdugande og beint fram sjukelege mange av desse målpionerane tedde seg.

Nokre av bøkene til prisvinnaren er tunge kolossar som skaper salrygga bokhyller, men dei er likevel overraskande lettlesne, utan på nokon måte å vere lettvektarar.

Etter at den filosofiutdanna journalisten slutta i avisa Klassekampen, har fleire av prisvinnarens bøker vore oppdragsprosjekt. Men i boka om kjendissjimpansen Julius avslører han bramfritt og stolt at denne biografien var hans eigen ide og gamle undertrykte draum. Med solid kjelde- og noteapparat, vitskapleg litteraturliste og både person- og sjimpanseregister kunne denne biografien te seg som eit kritisk sleivspark mot den populære biografi-tsunamien prisvinnaren sjølv har bidradd til, med si bok om Per Sivle frå 2004. Men med myndig grep og i ei overtydande balansert framstilling vektar forfattaren den tåredryppande kjendissoga om barne-TV-helten mot ei tidvis kritisk avsløring av korleis dyreparkeigarane utnytta og delvis kynisk regisserte medieblesten til å skaffe institusjonen ein lukrativ maskot. Forfattarens fortенeste er at han i ly av ein levande gjennomgang av talrike kjelder, kopla mot mengder med intervjusamtalar med eldre og nyare aktørar, kombinerer forteljinga om sjimpansar i fangenskap med nye internasjonale forskingsresultat om dyrs medvit, kjensler og liv. Det er eit forskingsfelt som er i tida, og som er i ferd med å revurdere vår kulturs forståing av kva eit høgreståande dyr *er*. Slik får han fram eit perspektiv på evolusjon og vilkåra for liv – som både peikar bakover og framover.

For å spele på songen om ein av dei han har skrive biografi om: *Her kommer ikke Julius som alle vil se: Her kommer Fidjestøl som alle vil LEse.*

Prisen for framifrå bruk av norsk i sakprosa 2017 går til Alfred Fidjestøl for bøkene: *Trass alt. Det Norske Teatret 1913–2013* (2013), *Frå Asker til Eden. Historia om Askerkretsen 1897–1924* (2014), *Eit eige rom. Norsk kulturråd 1965–2015* (2015) og *Nesten menneske. Biografien om Julius* (2017) (alle på Samlaget).

Til lukke!